



GLOPPEN KOMMUNE

SENTRALADMINISTRASJONEN

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen, Postboks 8030 Dep,
0030 OSLO

207

Kultur- og kirkedep.	
Ki	
Saksnr. 200605491	Dato 04/206
Kode Ki-501	Bok

Vår ref.
06/1449-7// C84 &13 /JAOY

Dykkar ref.

Dato:
30.11.2006

NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

Viser til brev om NOU 2006: 2 Staten og Den norske kirke.

Gloppen kommune handsama saka i formannskapet 30.11.06., sak 121/06, og der vart det gjort vedtak som framgår av møteboka.

- ./- Vedlagt følgjer kopi av møteboka, der det kjem fram svar med kommentarar på dei spørsmåla som vi var beden om å svare på. Vedlagt følgjer også utfylt spørjeskjema.

Vi ynskjer lukke til med det vidare arbeidet i saka.

Med helsing

Jan-Kjetil Øygard
kultursjef
tlf. 57 88 38 50

vedlegg

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Gruppen kommune*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Sjå møtebok frå formannskapet-vedlegg

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Sjå møkbok - vedlegg

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

Sjå møkbok - vedlegg

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
 Kommunen
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
 Vet ikke / ønsker ikke å svare



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	30.11.2006	121/06

Avgjerd av: Formannskapet Saksbehandlar: Jan-Kjetil Øygard	Objekt: Arkiv: C84 &13	Arkivsaknr.: 06/1449-6
---	---------------------------	---------------------------

NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KYRKJA - HØYRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	04.04.2006	Kultur- og kyrkjedepartementet	Invitasjon til høyring om NOU 2006:2 - Staten og Den norske kyrkje
4	I	26.06.2006	Human-Etisk Forbund	Staten og Den norske kyrkja - uttale
3	I	09.10.2006	Per Rune Vereide	Fråsegn om høyring - Representantar til gruppe
5	U	16.10.2006	Per Rune Vereide; Gunnvor Sunde; Åshild Klara Roset	Oppnemning av utval som skal kome med framlegg til uttale om NOU 2006:2 Staten og Den norske kyrkja

Saksvedlegg:

Ingen.

Bakgrunn for saka:

Det offentlege utvalet som har utgreia forholdet mellom stat og kyrkje, har lagt fram rapporten, *NOU: 2006:2 Staten og Den norske kirke*. Kultur- og Kirkedepartementet har sendt rapporten på høyring, med høyringsfrist den 1. desember 2006.

Saksutgreiing:

Føremålet med utgreiingsarbeidet har vore å skaffe grunnlag for å kunne gjere vedtak om statskyrkjeordninga skal først vidare, reformerast eller avviklast. Med bakgrunn i dette føremålet, vart utvalet beden om å vurdere statskyrkjeordninga i heilskap, mogelege eller ynskjelege reformer innanfor ordninga og alternativ til statskyrkjeordninga. Utvalet skulle også vurdere ulike finansieringsordningar, gravferdsforvaltninga, ordningar for å ta vare på freda og verneverdige kyrkjer, samt ulike spørsmål knytt til eigedomsrettar.

I Gloppen kommune har ordføraren oppnemnt dette utvalet til å kome med framlegg til uttale i saka:

- Per Rune Vereide, leiar
- Gunnvor Sunde
- Åshild Roset.

Rådmannen si vurdering:

For å lette departementet sitt arbeid med å oppsummere høyringa er det laga eit skjema som skal fyllest ut saman med evt. uttalar. Utvalet som har laga framlegg til uttale har tatt

utgangspunkt i den malen som dept. har lagt opp til, og dermed gjeve svar på konkrete spørsmål. På nokre av spørsmåla var det høve til å kome med fleire svaralternativ. Svara er punktvis sett opp i kursiv, med utfyllande kommentarar frå utvalet. Rådmannen legg dette til grunn i tilrådinga, både når det gjeld innhald og redigering, og der spørsmåla er sett opp i den målforma som vi mottok frå dept. Rådmannen har oppfatta saka slik, at representantane i utvalet har vore samstemte i både svara, og dei utfyllande kommentarane som dei har kome fram til.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Glommen kommune kjem med slik uttale på spørsmåla som vedkjem NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke:

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

- ❖ *Staten skal føre ein aktiv og støttande livssynspolitikk, og staten skal legge til rette for at alle religionar skal kunne utøve sin religion.*
- ❖ *Det skal vere full religionsfridom i Noreg.*
- ❖ *Staten må sikre livssynssamfunna økonomisk gjennom tilskotsordningar.*

Utan ein støttande livssynspolitikk er det lett for at alle livssynssamfunna får trongare råmer for drifta, og blir avhengige av medlemsbidrag og anna ekstern finansiering. Dette vil verte svært vanskeleg mellom anna for Den norske kyrkja.

2. Den norske kirke som statskirke:

- ❖ *Bør fortsetje*

Den norske kyrkja som ei open, inkluderande, landsdekkande og likestilt folkekyrkje vert best ivareteken gjennom ei vidareføring av den ordninga som er i dag. Ei grunnlovsforankra kyrkje er også den beste ordninga for å sikre breidde og mangfald i kyrkja.

Gjennom offentleg forvaltning vil kyrkja framleis vere ein viktig kultur- og tradisjonsberar.

Det vil framleis vere stort rom for både og vidareutvikle og endre kyrkja og det kyrkjelege innhaldet – dersom dette er ynskjeleg – innafor ei grunnlovsfesta ordning slik vi har den i dag.

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- ❖ *Grunnlova*

Naturleg konsekvens av svaret i spørsmål 2.

Å forankre Den norske kyrkja i Grunnlova vil vere den ordninga som gjev mest stabile styringsforhold i kyrkja. Ei grunnlovsendring krev 2/3 fleirtal i Stortinget, medan ei anna form for kyrkjelov vil kunne endrast av det til ei kvar tid sittande fleirtal på Stortinget.

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- ❖ *Offentleg finansiering utan medlemsavgift.*

Så lenge vi har ei statskyrkje vil det også vere naturleg at det offentlege finansierer denne kyrkja fullt ut. Kyrkja må sikrast nok midlar til å oppretthalde den dagleg drifta, og den må sikrast midlar slik at den er i stand til å ta vare på den enormt store kulturarven som finst mellom anna i kyrkjebygga i heile landet.

Ei medlemsavgift som stadfestar medlemskapen i den norske kyrkja vil vere eit brot med prinsippet om at berre dåp kvalifiserer til medlemskap.

Ei medlemsavgift vil truleg føre til ei avskaling av tal medlemmar då ein del vil velje å la være å betale denne avgifta. Det er også ein trend i samfunnet der folk i stadig mindre grad ynskjer å vere medlemmar i lag og organisasjonar.

Kyrkja må framleis ha ordningar der ein mottok friviljuge gåver gjennom mellom anna ofring. Ein må også kunne søke offentlege midlar (for eksempel kulturmidlar) til særskilte tiltak som til dømes ungdomsarbeid, kyrkjekor m.v. Private gåver til kyrkja, eller kyrkjeleg arbeid må kunne trekkast frå på sjølvmeldinga – slik som ein kan gjere med gåver til friviljuge organisasjonar i dag.

Viser også til spm. 1 der vi har som grunnleggande prinsipp at alle livssynssamfunn skal vere offentleg finansierte.

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

❖ *Valordninga bør vere som i dag.*

Inntil ein er sikre på at ei ny ordning er betre enn dagens valordning må vi halde på den ordninga som er i dag.

Demokratiseringsprosessen i kyrkja må halde fram, og ein må søke måtar som gjer at fleire deltek i dei kyrkjelege valprosessane. Eit slikt tiltak kan vere å legge soknerådsval m.v. samtidig som lokalval / storingsval. Ein bør søke ulike prøveprosjekt for å sjå kva som gjev best uttelling.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i §2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet.

❖ *Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget.*

❖ *Dei politiske prinsipp som statsforfatninga byggjer på; så som demokrati, rettsstaten og menneskerettane.*

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

❖ *Den lokale kyrkja.*

Dei kyrkjelege fellestråda har solid og verdifull kompetanse til å vidareføre denne forvaltninga slik den er i dag. Det er viktig at majoritetskyrkja er sitt ansvar bevist for å imøtekomme også andre livssynssamfunn sine behov ved gravferder, og at det i kommunane er ordninga som gjer at alle religionar kan gjennomføre ei gravferd innafor sin tradisjon.

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- ❖ *Den lokale kyrkja bør eige kyrkjebygga, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret.*

Kommunen må gjennom årleg budsjettføreaving tildele midlar til kyrkjeleg fellesråd som er slik at ein kan oppretthalde dei kyrkjelege aktivitetar, og slik at ein kan gjennomføre nødvendig vedlikehald av dei bygningane som kyrkja forvaltar.

Det bør ikkje vere øymerka midlar frå staten som skal gå til ordinær drift og vedlikehald av kyrkja.

Det er i dag eit stort etterslep på vedlikehald, og staten må sette av ekstra midlar som gjer at vi kan få kyrkjebygga opp på ein tilfredsstillande standard. Det må vere særskilde ordningar som sikrar drift og vedlikehald av freda og verneverdige kyrkjebygg.

Avkastninga frå Opplysningsvesenet sitt fond må kunne øymerkast for bruk til vedlikehald av kyrkjebygg.

9. Andre ting.

Dersom regjeringa gjer framlegg om å endre ordninga for kyrkja må dette spørsmålet leggest ut til rådgjevande folkerøysting.

30.11.2006 FORMANNSKAPET

121/06 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.